



**Jernbaneverket**

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Førespurnad til: Hanne Dybwik-Rafto  
Tlf.: 47481496  
Faks:  
E-post: dybhan@jbv.no



Besøksadresse:  
Strømgaten 4, Bergen

Postadresse:  
Postboks 4350  
NO- 2308 Hamar

postmottak@jbv.no

Sentralbord:  
05280

Org. Nr.:  
971 033 533 MVA

Bankgiro:  
76940501888

jernbaneverket.no

Dato 17.12.2013  
Saksref.: 201102024-3  
Dykkar ref.: 200709175-  
Vedlegg:

## **Høyring av forslag til revidert planprogram - Regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet**

Me syner til melding om høyring av revidert planprogram for Regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet.

Planprogrammet presenterer dei to alternativa som skal utgreiast i planen i tillegg til 0-alternativet: Fleslandsalternativet og Kombinasjonsalternativet med dagens hamn på Dokken med tilleggsareal på Ågotnes og Mongstad. Det kjem fram av planprogrammet at dersom Fleslandsalternativet vert vald, har fylkeskommunen lagt til grunn at det er aktuelt med ei fellesløyseing med både hamn og jernbaneterminal på dette området. Det er også lagt ved ei mogleighetsstudie som syner at det er mogleg å finne areal som kan romme både hamn og jernbaneterminal i Fleslandsområdet.

I NTP 2014-2023 understrekast det at det i planperioden skal leggjast til rette for overføring av gods frå veg til sjø og bane. Det skal også leggjast til rette for utvikling av logistikknutepunkt gjennom auka kapasitet og effektivitet på terminalane. Som oppfølging til NTP 2014-2023 er det sett i gong arbeid med ein brei godsanalyse. Godsanalysen skal mellom anna kartleggje dagens godsstrømmer og moglege logistiktrendar i framtida, vurdere terminalstruktur (også potensialet for samlokalisering av terminalar for bane- og sjøtransport), og skal også vurdere bruk av verkemidlar i tilknytning til godstransport. Det skal leggjast fram sluttrapport frå dette arbeidet 1. juli 2013.

I dag er Nygårdstangen Bergensregionens største knutepunkt for handtering av gods, og jernbanen er den viktigaste transportøren av gods inn og ut av regionen. På lengre sikt vil arealet på Nygårdstangen verte for lite. Samstundes er det brei lokalpolitisk semje om å transformere området på Nygårdstangen til andre byutviklingsføre mål. Jernbaneverket ynskjer difor å starte planprosess for flytting av godsterminalen, og har i brev til Samferdselsdepartementet oppmoda om oppstart av KVVU for å vurdere langsiktige konseptuelle løysingar for logistikknutepunkt i Bergensregionen. Eit sentralt moment i dette arbeidet vil vere ei behovsvurdering av både godshamn og jernbaneterminal, samt ei vurdering av behovet for samlokalisering av desse funksjonane i Bergensregionen. Jernbaneverket har per i dag ikkje fått noko bestilling på dette arbeidet frå Samferdselsdepartementet.

Jernbaneverket meiner at planlegginga av godshamn og jernbaneterminal bør sjåast i samanheng. Det er difor uheldig at det startast opp planlegging av hamnelokalisering før ein har gjort overordna avklaringar av terminalkonsept i Bergensregionen. Det må gjerast overordna vurderingar av logistikktrendar, terminalstruktur, terminalfunksjonar og framtidig behov for intermodalitet, både nasjonalt og lokalt, før ein tek stilling til konkret hamnelokalisering og samlokalisering av hamn og jernbaneterminal. Ein del av kunnskapsgrunnlaget får ein frå den nasjonale godsanalysen som ein no er i gang med. Arbeidet med denne godsanalysen vil leggje viktige føringar, også for den framtidige utviklinga i godstransport i Bergensregionen. I tillegg meiner Jernbaneverket at ein kan starta opp ein KVVU-prosess som avklarar konsept for langsiktig terminalutvikling i Bergensområdet parallelt med den sentrale godsutgreiinga. Før desse avklaringane er gjort, har ikkje Jernbaneverket grunnlag for å uttale seg om alternativa som er omtalt i planprogrammet. Me kan heller ikkje sjå at ein har det naudsynte kunnskapsgrunnlaget for å kunne gå vidare med ein planprosess der ein ikkje ser heilskapleg på korleis det framtidige logistikknutepunktet i Bergensregionen skal organiserast. Jernbaneverket tilrår difor at ein avventar det vidare arbeidet med den regionale planen for godshamna til dei overordna avklaringane for eit framtidig logistikknutepunkt er gjort. Dersom arbeidet regionale planen likevel vidareførast, bør dette i størst mogleg grad koordinerast opp mot arbeidet med den nasjonale godsanalysen.

Med helsing

Lars Christian Stendal  
Regional plan- og utviklingsdirektør  
Plan sør/vest, utredning og forvaltning

Hanne Dybwik-Rafto  
Senioringeniør

**Dokumentet er godkjent elektronisk**